



Knut Willie Jacobsen
Lurevegen 304
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3702 - 19/2124

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
24.01.2019

Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 184/1 Halsteindal

Tiltak: Tilbygg
Byggjestad: Gbnr: 184/1
Tiltakshavar: Ole Michel Clausen
Ansvarleg søkjar: Knut Willie Jacobsen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 07.12.2018. Vi beklagar sein tilbakemelding.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Tiltaket

Det er oppgitt i søknaden at det er søkt om tilbygg mot sørvest, nordvest og søraust og planendringar i eksisterande bygg. Ut frå innsende bilete og teikningar kan det sjå ut som at tiltaket også omfattar påbygg (endra takvinkel). Kommunen vurderer ut frå innsend dokumentasjon at tiltaket gjeld ei hovudbygging av eksisterande bygg.

Bygningsopplysningar

Bygget har status i matrikkelen som «våningshus benyttet som fritidshus». Det må gjerast greie for når bygget vart oppført, når bygget sist var brukt som bustad og når det vart registrert med status i matrikkelen som i dag, slik at kommunen kan vurdere om det er trong for bruksendring.

Bygget er registrert i SEFRAK-registeret, som er eit landsdekkande register over eldre bygningar og andre kulturminne, som «meldepliktig ved riving/ombygging». Søknaden vil verta send over til Hordaland Fylkeskommune for vurdering etter kulturminnelova.

Nabovarsel

Det er søkt om dispensasjon frå kravet om nabovarsling. I samsvar med pbl § 21-3 skal naboar og gjenbuvarar varslast før søknad vert send inn. Varsel er ikkje nødvendig dersom arbeidet ikkje, eller i lita



grad, berører naboar eller gjenbuarar sine interesser. Kommunen kan krevja at varsel vert send dersom vilkåra for å ikkje varsla ikkje er oppfylt.

Kommunen vurderer at nabo på gbnr 184/2 må varslast.

Planstatus

Eigedomen ligg i område som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til LNF-føremål. Eigedomen ligg innanfor nedslagsfeltet til drikkevatn.

Veg

Det må gjerast greie for om bygget har godkjend avkjørsle til offentleg veg og godkjend veg heilt fram til bustaden, jf. pbl § 27-4.

Vatn

Det er opplyst i søknaden at bygget har privat vassforsyning frå regnvasstank/brønn. Det må gjerast greie for om det er forsvarleg tilgang til hygienisk trygg og tilstrekkeleg drikkevassforsyning samt slokkevatn, jf pbl § 27-1.

Avløp

Det er i søknaden gjort greie for at det skal installerast WC, men at det ikkje ligg føre utsleppsløype.

Det må søkjast om utsleppsløype. Utsleppsløype må liggja føre før kommunen kan godkjenna tiltaket. Søknadsskjema for utsleppsløype finn ein på www.miljokommune.no. Då eigedomen ligg innanfor nedslagsfelt til drikkevatn kan det bli sett særlege krav til utsleppet frå eigedomen.

TEK

Det er søkt om dispensasjon frå TEK10 for omsøkt tiltak, men det er ikkje oppgitt kva krav det vert søkt om dispensasjon frå.

Tiltak på eksisterande byggverk skal prosjekterast og utførast i samsvar med bestemmelsar gitt i eller i medhald av loven. Kommunen kan likevel gi løyve til bruksendring og nødvendig ombygging og rehabilitering av eksisterande byggverk når det ikkje er mogleg å tilpassa byggverket til tekniske krav utan uforholdsmessige kostnader, dersom bruksendringa eller ombygginga er forsvarlig og nødvendig for å sikra hensiktsmessig bruk.

Det er tiltakshavar som har ansvaret for å identifisera og avgrensa tiltaket, fastsetja kva krav som gjeld og om vilkåra for unntak etter pbl § 31-2 er oppfylte. Det må leggjast fram dokumentasjon som viser at vilkåra for unntak er oppfylt i samsvar med pbl § 31-2 fjerde ledd.

For ytterlegare informasjon om søknad om unntak frå tekniske krav ved tiltak på eksisterande bygg sjå NKF si eksempelsamling [her](#).

Frist for tilbakemelding

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **01.03.2019**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

| | | | |
|----------------------|--------------------|------|---------|
| Knut Willie Jacobsen | Lurevegen 304 | 5912 | SEIM |
| Ole Michel Clausen | Kleivdalsvegen 361 | 5915 | HJELMÅS |
| Ole Michel Clausen | Storåsen 31 A | 5132 | NYBORG |

Mottakarar:

| | | | |
|----------------------|---------------|------|------|
| Knut Willie Jacobsen | Lurevegen 304 | 5912 | SEIM |
|----------------------|---------------|------|------|